



Ingebjørg Haugland går i mål foran Johannes Guddal frå Rosendal

**50 stilte til start i Kvinnheradmeisterskapet på ski med klassisk som stilart i dag og nesten halvparten av dei - nærare bestemt 20 - representerte Uskedalen.**

**Ein må berre ta av seg luva og vera imponert over det gode arbeidet som skjer i skigruppa og ingen bør bli fornærma når ein trekk fram familiane Haugland spesielt.**



Steinar Haugland klar til start

Tre generasjonar Haugland med snart 65 år gamle Pål Haugland som nestor utfaldar seg som dei aldri skulle gjort noko anna enn å gå på ski. Likevel påstår nestoren at det eigentleg er fotball som er sporten hans! Denne gongen gjorde han unna mila på litt over 37 minuttar.



Pål Haugland - snart 65 men like sprek, passerar mål.

Og med det samme vi er i familien:

Steinar Haugland vann klasse 36-40 år på 31,28 foran Jørn Hjelmeland frå Omvikdalen som hadde 32,25 og Cathrine som var aleine i samme aldersklasse gjekk 5 kilometer på 17,08.

Og går vi vidare nedover til neste generasjon vann Solveig 12-årsklassa på 7,48 foran Sara Guddal frå Omvikdalen på 7,54.

Veslemøy vann 11-årsklassa på 8,47 foran Kari Eide frå Rosendal som hadde 9,56.



Veslemøy Haugland vann si klasse

Men det var flere Haugland som gikk fort:  
Ingebjørg i 16-årsklassa gjorde unna 5-kilometeren denne gongen på 17,34 foran Louise Å. Bergane frå Matre som hadde 21,20.  
Johannes Haugland vann og klassa si, som er 13-årsklassa, på 14,37 foran Jonas Are Mehl frå Rosendal på 15,29.



Oddmund Soldal var nesten raskast på mila

Dei som ikkje heitte Haugland hevda seg slik:



kari Bråtun imponerte igjen

Ingvild Myklebust nummer 3 i 12-årsklassa.

Maren H. Bjørnebøle nummer 2 i 13-årsklassa. Kari Bråtun, den einaste i 15-årsklassa, gjekk på 18,18 denne gongen.

Bjørn Olav Tveit var tredjemann i 21-35-årsklassa på 34,22

Her vann Vemund Hjelmeland frå Omvikdalen på 29,40

Oddmund Soldal gjekk på 29,43, han går i klasse 41-45.

Han var altså berre 3 sekunder etter deb raskaste i 10-kilometeren.

I klassane 10 år og yngre var desse frå Uskedalen med:

Hanna Tvilde, Camilla M. Ripel, Silje Soldal, Sunniva Myklebust, Cecilie H. Røstbø, Ingeborg H. Bjørnebøle, Andrea Hjelmeland.

---

Viljar S. Tveit og Jostein Soldal.

Meisterskapet vart avvikla under ypperlege føretilhøve i Fjellhaugen og avviklinga sto i stil med føret.

Rutinert leiia av Elisabeth Mehl i Rosendal Turnlag gjekk det knirkefritt frå start til mål!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen